



Uskedalen skule kom i rubrikken for ”ikkje godkjende skular” på grunn av ein rein bagatell. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen er no den einaste skulen i Kvinnherad som har status som ikkje-godkjend, går det fram av ein fersk rapport frå Helsetilsynet i Hordaland som har fått oppslag i media denne veka. Men denne lite smigrande statusen skuldast ein rein bagatell, har rektor Vidar Haugland funne ut ved ei nærmare gransking ..

Forklaringa er at det manglar ei formell godkjenning av at den gamle gymnastikksalen vart til to klasserom. Dette kan ordnast bokstaveleg tala ved eit pennestrøk i kommunen og dette vil sjølvstundt bli gjort.

Rektor Haugland stilte seg i første omgang uforståande til at ikkje også Uskedalen skule var godkjend på vilkår, som dei fleste andre skular og barnehagar i kommunen.

Når dei er godkjende på vilkår, tyder det at det er manglar, men at det vert arbeidd med å utbetra feila.

- Dette kunne sjå ille ut, men forklaringa var altså enkel, seier Haugland til uskedalen.no.

Helsetilsynet finn det imidlertid urovekkjande at så mykje framleis er ugjort med arbeidsmiljøet til barn og unge i fylket.

Rapporten byggjer på ei kartleggjing av arbeidet med godkjenning og tilsyn med miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

Føremålet med kartleggjinga er å få kjennskap til korleis kommunane tek vare på plikta dei har til å godkjenna barnehagar og skular og føra tilsyn med verksemdene.

Årsaka til at nokon skular og barnehagar i fylket ikkje er godkjende på vilkår er mellom anna at slikt som ventilasjon, inneklimate, lys- og lydtilhøve, vedlikehald av bygningar, reinhald, tryggleik inne og ute og trafikksikring ikkje har vorte utbetra innan fastsette tidsfristar.

Helsetilsynet finn det tankevekkjande at så mykje som gjeld arbeidsmiljøet er ugjort i ei tid med satsing på folkehelse og særleg på helsefremjande og førebyggjande arbeid blant barn og unge. Arbeidet med tilretteleggjing og betring av arbeidsmiljøet for barn og unge går for seint, blir det understreka i rapporten.

Fleire kommunar i fylket er langt verre stilt enn Kvinnherad.

I nokre av kommunane er det ingen godkjende skular.

Av Ola Matti Mathisen